

Pro Invenia AS  
Vestre Rosten 78  
7075 TILLER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5890 - 21/58366

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
08.09.2021

## Svar på førespurnad om fritak frå søknadsplikt - gbnr 445/1 Manger

Vi viser til dykkar førespurnad om fritak frå byggesaksbehandling for oppgradering av Telenor sin basestasjon på kommunehuset på gbnr 445/1 Manger. Tiltaket omfattar montering av nytt antennefeste, demontering av 3 antenner, montering av 6 nye antenner og montering av 9 radioeiningar i 3 shelter som vert malt i fasaden sin farge.

### Planstatus:

Eigedomen er omfatta av reguleringsplanen for Manger Sentrum, planid. 1260200700800, der arealet er avsett til offentleg føremål.



### Vurdering:

Kommunen har vurdert søknaden og finn at tiltaket kjem inn under plan- og bygningslova § 20-5 bokstav g), og såleis ikkje vil krevja søknad og løyve etter kap. 20.

Del av tiltaket som skal plasserast på fasade mot nordaust, og som vert plassert i strid med regulert byggegrense, vil krevja at det vert søkt og gitt dispensasjon. Målereglane som de viser til gjeld ikkje for byggegrense mot veg. Ingen delar av bygning kan kraga ut over byggegrense mot offentleg veg eller gate, jf. TEK17 § 6.3 siste ledd.

Søknad om dispensasjon må sendast inn dersom ein fastheld planlagt plassering. Berørte naboar må varslast. Dette gjeld også vegeigar.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Pro Invenia AS

Vestre Rosten 78

7075

TILLER